






INNKALLING TIL STYREMØTE



Stad:	Rådhuset i Øygarden, Møterom Ulvsundet
Dato:	29.februar 2016
Tid:	11:30 – 13:30

01/16	Godkjenning av referat frå sist møte	 Referat frå styremøte 9. mars 20
02/16	Godkjenning av møteplan	 Møteplan for 2016.docx
03/16	Referatsakar <ul style="list-style-type: none"> - Regional planstrategi - Informasjon om slutføring av prosjekt frå Hardangerrådet - Klimarådet 	 Referatsaker til møte 29.feb.docx
04/16	Gjennomgang av retningslinjer og vedtekter etter at Askøy kommune har gått ut av Regionrådet <ul style="list-style-type: none"> - Vedtekter, med retningslinjer, er ikkje oppdatert etter at Askøy kommune trakk seg frå Regionrådet. Det vert lagt opp til ei kort gjennomgang av vedtekter og retningslinjer i møtet. <p>Sak om nye vedtekter vil ligge føre for møtet.</p>	 Retningslinjer, revidert 2016.docx  Vedtekter, reviderte .docx
05/16	Gode Sirklar Informasjon til Regionrådet etter omstrukturering av selskapet.	
06/16	Regionalutvikling om ein del felles samfunnsutvikling, næring- og reiselivssatsing Prosjektleder Arnt Ivar Kverndal, møter for å presentere prosjektet og invitere til samarbeid. Øygarden inviterer til oppfølging av eit pågåande prosjekt i Øygarden, men som treff regionen på fleire områder, mellom anna marin sjømatnæring og sykkel VM 2017.	
07/16	Søknader til Fylkesmannen sine skjønsmidlar til fornying- og innovasjonsprosjekt i kommunane 2016 Sekretariatet for Regionrådet Vest har fått inn 4 søknadar på Fylkesmannen sine skjønsmidlar for 2016. I denne søknadsrunden skal Fylkesmannen fordele 33 mill. til prosjektskjøn og generell fordeling. <i>Følgjande området vert prioritert:</i> <ol style="list-style-type: none"> 1. Barn og unge – kommunane sitt arbeid mot barnefattigdom 2. Lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidretta og gode omsorgstenester jmf. Omsorg 2020 3. By- og tettstadsutvikling 4. Beredskaps og samfunnstryggleik 	

5. Interkommunalt plansamarbeid, særleg:
- Interkommunale prosjekt om kommunale digitale planverktøy
 - Interkommunalt plansamarbeid om oppdrett/akvakultur
6. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusera klimagassutslepp

Regionrådet Vest har søknader som fordeler seg på 3 av desse punkta:

Punkt 2: Lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidretta og gode omsorgstenester jmf. Omsorg 2020

Prioritering	Namn på Prosjektet	Deltakarkommunar	Vedlegg
	Vest Ekstra-utvikling av modell for frivillig innsats retta mot helse- og omsorgssektoren	Fjell og Øygarden	 søknad skjønsmidler vest ekstra .pdf
	Velferdsteknologi i Vest	Fjell og Øygarden	 Søknad skjønsmidler Velferdsteknologi i Ve

Punkt 4: Beredskap og samfunnstryggleik:

Prioritering	Namn på prosjektet	Deltakarkommunar	Vedlegg
	Felles kompetanseheving av beredskapsarbeid	Fjell, Sund og Øygarden	

Punkt 6: Tiltak innan miljø og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusere klimagassutslepp.

Prioritering	Namn på prosjektet	Deltakarkommunar	Vedlegg
	Klimautgreiing i Region Vest	Fjell, Sund, Øygarden	 Skjønsmidler klimatilak-.pdf

Regionrådet Vest skal i dette møtet gå igjennom søknadene og prioritera dei.

Frist for å sende søknadene inn til Fylkesmannen er 11. mars 2016.

08/16

Ymse

- Regionrådsleiar- drøfting av sak vedkommande veglys i Fjell, Sund og Øygarden.

REFERAT - STYREMØTE

Stad:	Rådhuset i Askøy kommune, Kleppestø
Dato:	9. mars 2015
Tid:	11:30 – 13:30
Desse møtte:	Siv Høgtun (ordfører i Askøy), Eli Årdal Berland (ordfører i Fjell), Åse Gunn Husebø (ordfører i Øygarden), Kari Anne Landro (ordfører i Sund), Odd Magne Utkilen (rådmann i Askøy), Steinar Nesse (rådmann i Fjell), Siri Fahlvik Pettersen (rådmann i Øygarden), Stig Arne Thune (rådmann i Sund) Informasjonsrådgjevar Vignleik Brekke og møtesekretær/dagleg leiar Grethe Bergsvik
Forfall:	
Andre:	

07/15	Referat frå møtet 19.01.15 Referatet vart gjennomgått og godkjent																								
08/15	<p>Søknader til Fylkesmannen sine skjønsmidlar til fornying- og innovasjonsprosjekt i kommunane 2015</p> <p>Sekretariatet for Regionrådet Vest la fram 9 søknader på Fylkesmannen sine skjønsmidlar for 2015. Desse vart gjennomgått av rådmannsmøtet tidlegare same dag. Rådmena sitt framlegg til prioritering vart samrøystes godkjent av styremøtet og vert sendt til Fylkesmannen med slik prioritet:</p> <table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <thead> <tr> <th colspan="3" style="text-align: center;">Kategori 1 – barn og unge</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td style="width: 40%;">Prosjekt helhet og involvering rundt barn og unge 0-20 år</td> <td style="width: 40%;">Askøy prosjektansvarlig. Fjell, Sund og Øygarden deltek i arbeidsgrupper</td> <td style="width: 20%; text-align: center;">2</td> </tr> <tr> <td>Prosjekt skolevegring</td> <td>Askøy prosjektansvarlig. Fjell, Sund og Øygarden deltek i arbeidsgrupper</td> <td style="text-align: center;">3</td> </tr> <tr> <th colspan="3" style="text-align: center;">Kategori 2 – lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidsretta og gode omsorgsteneste</th> </tr> <tr> <td>Utvikling av pilot innan habilitering og rehabilitering</td> <td>Øygarden prosjektansvarlig. Fjell, Sund og Askøy deltek i arbeidsgruppe</td> <td style="text-align: center;">1</td> </tr> <tr> <td>JordmorHeim i 3 kommunar</td> <td>Fjell, Sund og Øygarden</td> <td style="text-align: center;">4</td> </tr> <tr> <td>Kunnskapstilfang til nytt medisinsk senter</td> <td>Fjell prosjektansvarlig Sund, Øygarden og Askøy deltek i arbeidsgruppe</td> <td style="text-align: center;">5</td> </tr> <tr> <td>Kommunen som samskaper med frivillig og privat sektor</td> <td>Fjell er prosjektansvarleg Sund, Øygarden og Askøy deltek i arbeidsgruppe</td> <td style="text-align: center;">6</td> </tr> </tbody> </table>	Kategori 1 – barn og unge			Prosjekt helhet og involvering rundt barn og unge 0-20 år	Askøy prosjektansvarlig. Fjell, Sund og Øygarden deltek i arbeidsgrupper	2	Prosjekt skolevegring	Askøy prosjektansvarlig. Fjell, Sund og Øygarden deltek i arbeidsgrupper	3	Kategori 2 – lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidsretta og gode omsorgsteneste			Utvikling av pilot innan habilitering og rehabilitering	Øygarden prosjektansvarlig. Fjell, Sund og Askøy deltek i arbeidsgruppe	1	JordmorHeim i 3 kommunar	Fjell, Sund og Øygarden	4	Kunnskapstilfang til nytt medisinsk senter	Fjell prosjektansvarlig Sund, Øygarden og Askøy deltek i arbeidsgruppe	5	Kommunen som samskaper med frivillig og privat sektor	Fjell er prosjektansvarleg Sund, Øygarden og Askøy deltek i arbeidsgruppe	6
Kategori 1 – barn og unge																									
Prosjekt helhet og involvering rundt barn og unge 0-20 år	Askøy prosjektansvarlig. Fjell, Sund og Øygarden deltek i arbeidsgrupper	2																							
Prosjekt skolevegring	Askøy prosjektansvarlig. Fjell, Sund og Øygarden deltek i arbeidsgrupper	3																							
Kategori 2 – lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidsretta og gode omsorgsteneste																									
Utvikling av pilot innan habilitering og rehabilitering	Øygarden prosjektansvarlig. Fjell, Sund og Askøy deltek i arbeidsgruppe	1																							
JordmorHeim i 3 kommunar	Fjell, Sund og Øygarden	4																							
Kunnskapstilfang til nytt medisinsk senter	Fjell prosjektansvarlig Sund, Øygarden og Askøy deltek i arbeidsgruppe	5																							
Kommunen som samskaper med frivillig og privat sektor	Fjell er prosjektansvarleg Sund, Øygarden og Askøy deltek i arbeidsgruppe	6																							

Kategori 4 – Beredskaps og samfunnstryggleik			
Prosjekt fra luft til jord	<u>Askøy</u> er prosjektansvarleg. Fjell, Sund og Øygarden deltek i arbeidsgruppe	7	
Kartlegging av eksplosivfare og miljøforureining kring Fjell festning	<u>Fjell</u> er prosjektansvarleg	8	
Kategori 5 – tiltak innan miljø og landbruksområdet			
Vidareføring av bygningsvernkonsulenten	Felles prosjekt mellom Askøy, Fjell, Sund og Øygarden	9	
<p>Eit samledokument over alle søknadene ligg ved referatet. Kopi av innsendt elektronisk søknad er også sendt prosjektleiar for registrering i eigne saksystem.</p>			
09/15	<p>Gjennomgang – samarbeidsprosjekt i regi av Regionrådet Vest Etter sist styremøte i RRV er lista ajourført med tilgjengeleg informasjon. Lista vart gått igjennom i møtet. Lista med ny informasjon ligg ved dette referatet.</p>		
10/15	<p>Brannsamarbeid Kommunane i Regionrådet Vest har alle hatt sak om ny-organisering av brannverna på sakskartet. Sund, Øygarden og Fjell har gjort vedtak om at Sotra Brannvern og Øygarden Brannvesen vert slått saman til eit nytt interkommunalt selskap, Vest-Hordaland brann og redning. Askøy Brann og redning vert ikkje ein del av Vest-Hordaland brann og redning, men ventar på resultat av Bergensalliansen si utgreiing om brannvernsorganisering. Kommunane skal no velje nye representantar til eit interimstyre som skal styra prosessen med etablering av det nye selskapet. Selskapet skal vere operativt innan 31.12.15.</p>		
11/15	<p>Kommunereform Skjønsmidlane på kr 800.000 skal fordelast mellom kommunane med fråtrekk av det som har vore nytta til Tinget i Vest hausten 2014 og kostnader med Tinget i Vest 27. april 2015 Vidare prosess i arbeid med kommunereform vert at kommunane Fjell, Sund og Øygarden nyttar delar av desse midlane til ei felles utgreiing med målsetjing om ei intensjonsavtale før sommaren 2015. Kommunestyra i Fjell og Øygarden har signalisert at dei ser for seg to alternativ når det gjeld kommunesamanslåing. Anten å stå aleine eller slå seg saman med nabokommunane til ein kommune som består av Fjell, Øygarden og Sund. Kommunestyret i Sund har litt fleire alternativ, anten å stå aleine, slå seg saman med nabokommunane Fjell og Øygarden, slå seg saman med Bergen og eller/Austevoll. Kommunestyret i Askøy har gjort vedtak om to alternativ, anten stå aleine eller slå seg saman med Bergen i ein storkommune. Bergensalliansen arbeider med ei større utgreiing, der mellom anna eitt alternativ er ein storkommune med Bergen og alle omlandskommunane. Med i denne utgreiinga er vurdering av alle formar for interkommunalt samarbeid, med større politisk innflytelse enn det slik er i dag. Korleis ein slik stor kommune kan organiserast er også eit viktig tema i utgreiinga.</p>		

	Rådmann i Øygarden, Siri Fahlvik Pedersen har sendt styremøte eit notat som føl dette referatet som vedlegg.
12/15	Orientering Arbeid med planprogram for <i>Regional plan for kompetanse og arbeidskraft</i> – ved ordførar Kari Anne Landro gjekk ut og vert sett opp att på neste møtet.
13/15	Ymse Framlegg til Årsmelding 2014 var sendt ut til møtet, og teke til orientering



MØTEPLAN REGIONRÅDET VEST 2016

MØTE	DATO	STAD
Rådmannsmøte Styremøte/framlegg Telemarskforsking rapport kommunereform	11. jan (1300 -15:00) 25. jan (10:00 -16:00)	Fjell Sund Panorama Stort møte med HTV og adm. kommuneleing
Rådmannsmøte Styremøte	15. febr (13:00-15:00) 29. febr (11:30 -13:30)	Fjell Øygarden
Rådmannsmøte Styremøte	18. april (13:00-15:00) 02. mai (11:30 -13:30)	Fjell Sund
Rådmannsmøte Styremøte	23.mai (13:00- 1500) 06. juni (11:30-1300)	Fjell Fjell
Rådmannsmøte Styremøte	5. september (13:00 -15:00) 19. september (11:30 -13:30)	Fjell Øygarden
Rådmannsmøte Styremøte	31. oktober (13:00 -15:00) 14. november (11:30 -13:30)	Fjell Sund

Referatsaker til styremøte i Regionrådet Vest 29.februar 2016

Regional planstrategi 2016-2020

Hordaland fylkeskommune startar opp samarbeidet med ny Regional planstrategi for 2016-2020. Planen skal setje felles mål for utviklinga i Hordaland fylke og prioritera satsingsområde der det er trong for utarbeide eller revidere regionale planar. Samarbeid og medverknad i utvikling av strategien er vesentleg for eit godt resultat. Fylkesmannen har difor invitert til ei samrådsgruppe i arbeidet, Samrådsgruppa består av:

Frå fylkeskommunen: Fylkesordførar, opposisjonsleiar og tre utvalsleiar frå fagutvala i fylkestinget.

Frå staten: Fylkesmannen i Hordaland

Frå kommunane: Politiske representantar i regionråda i Hardanger, Sunnhordaland, Nordhordland og regionrådet vest, samt byrådsleiar i Bergen kommune.

Frå regionrådet Vest stiller Børge Haugetun.

Informasjon frå Hardangerrådet.

Slutføring prosjektet "Samhandlingsreforma i Hardanger, Voss og Vaksdal fase II

Dei viktigaste resultatane er vedtak om:

- Å vidareføra nettverk for folkehelsekoordinatorane, nettverk for kommunehelse- og samfunnsmedisin med kopling til miljøretta helsevern.
- Å styrkja og systematisera interkommunalt samarbeid vedrørande planlegging og drift av miljøretta helsevern.
- Etablering av tiltaksbank for folkehelse.
- Interkommunalt samarbeid om vidareutvikling av rehabiliteringsfeltet. I fyrste omgang gjeld dette innføring i kvardagsrehabiliteringa i kommunane. Når staten sjølv har avklara ansvars- og oppgåvedeling innan rehabiliteringsfeltet vil rådmennene på nytt vurderer interkommunalt samarbeid om meir spesialisert rehabilitering i institusjon.
- Ressursar til å etablere samarbeid om meir spesialisert rehabilitering og spesialisthelsetenesta.

Meir informasjon på hardanger.com

Klimarådet

Fylkestinget i Hordaland har oppnemnd fylkesvaraordførar Pål Kårbø til ny leiar i Klimaråd Hordaland.

Han inviterer til møte i Klimarådet onsdag 2. mars kl. 12-14, Fylkeshuset Bergen.

Kvart regionråd har 2 medlemmer, Bergen kommune, Voss kommune og Ungdommens fylkesting har 1 medlem kvar i klimarådet. Hordaland fylkeskommune har leiaren.

Får Regionrådet Vest stiller Børge Haugetun og Tom Georg Indrevik.



Retningslinjer for arbeidet i Regionråd Vest

I § 1 i vedtektene for Regionråd Vest heiter det:

”Regionråd Vest er eit rådgjevande og koordinerande organ for kommunane Sund, Fjell og Øygarden. Regionrådet skal fremje forpliktande samarbeid mellom kommunane, og vidareutvikling av regionen.”

1. UTVIKLING AV REGIONEN

Felles bu- og arbeidsmarknad krev felles løysingar sett i ein større samanheng. Arrondering av regionen i vest i eit eige råd er naturleg og høveleg både ut frå historisk og framtidstretta tenking. Kommunane har ein geografisk nærleik og er einsarta på så mange område. Kysten med fjordbasseng og havet i vest peikar i retning marin aktivitet og energi, men mangfaldet av aktivitet er og tydeleg.

Felles tilnærming og tenking kring overordna regional utvikling og infrastruktur er viktig og naturleg.

Utviklinga av regionen bør gjerast etter ei saumlaus tenking. Gjerda vert å bryta ned, medan grensene vert ståande.

Kommunane har over lengre tid bygd nettverk med både formalisert og uformelt samarbeid. Utfordringane for kommunenorge når det gjeld økonomi og kompetansemessige føresetnader gjer det dessutan naudsynt å finna løysingar for samarbeid og samhandling.

Våre innbyggjarar er opptekne av den beste løysinga, ikkje kven som sit i bakkant og eig utfordringa. Vår oppgåve er å gje den beste løysinga sett i ein større samanheng.

2. NÆRING

Det er etablert ein organisasjon sentralt for store deler av Hordaland – nærings samarbeidet rundt Bergen: Business Region Bergen. Alle kommunane våre er medeigarar i BRB og har god tilknytning til denne og etablerte nettverk. Det som og er viktig i denne samanheng er krafta i den lokale næringsutviklinga.

Gode Sirklar er tyngdepunktet i Sund, Fjell og Øygarden – det utøvande organ for næringsutvikling i disse kommunane.

Kompetansen i næringslivet er berrsynt med verdsleiande aktivitet på mange områder og rikt mangfald.



3. ORGANISERING AV TENESTEAPPARATET

Som ein konsekvens av ovannemnde er på fleire områder ein rimeleg spanande og nyutviklande arbeidsmåte kome godt i gong. I framhaldet er det viktig å leggja til grunn ei framtidretta og godt gjennomtenkt funksjonsdeling innan kvar kommune og mellom kommunane når ein går ut over noverande og tradisjonelle rammer.

Fyrst og fremst lyt økonomiske realiteter og føremoner leggjast til grunn. I botn for dette ligg det ofte særskilde fortrinn og føresetnader. Når ein kommune har spesielle fortrinn framfor ein annan på eit felt er det viktig at desse fortrinn kjem dei andre til gode. Fortrinna er ikkje nødvendigvis berrsynte her og no, men vil verta det i dei samtalar og prosesser vi står andsynes i tida som kjem. Vår oppgåve vert å nyttiggjere seg desse til felles beste. Dette opnar for, og vil truleg føra til ei utradisjonell funksjonsdeling av tenesteapparatet i kommunane i høve til i dag. Vi snakkar både om ei spesialisering og ei samordning.

4. STYRANDE MYNDE

Det er ordførarane som utgjer styringskompetansen i Regionrådet på bakgrunn av vedtak i eigen kommune. Rådmennene deltek på styremøta/ordførarmøta med tale og framleggsrett.

Vedtektene tilseier at prinsipielle saker vert å handsama i kvar einskild kommune.



Vedtekter Regionrådet Vest

§ 1 Føremål

Regionrådet Vest er eit rådgjevande og koordinerande organ for Fjell, Sund og Øygarden. Regionrådet skal fremja forpliktande samarbeid mellom kommunane, og vidareutvikling av regionen.

§ 2 Medlemskap

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden er med i regionrådet.

§ 3 Regionstyret

Kommunane er representert i regionstyret med sine tre ordførarar.

Regionstyret er funksjonsdyktig når 2 av medlemmane er til stades.

Kvar ordførar har 1 stemme.

Varaordførar trer inn i regionstyret ved dei respektive ordførar sine forfall.

Regionstyret sin leiar og nestleiar vert vald mellom ordførarane, for 2 år av gangen.

Ved likt stemmetal tel leiaren sin stemme dobbelt.

Rådmenna i dei deltakande kommunane har tale- og forslagsrett i regionstyret sine møte.

§ 4 Sekretariat

Sekretariatet vert ivareteke av medlemskommunane. Sekretariatsfunksjonen går på omgang, med 2 års lengd i kvar kommune.

§ 5 Kontingent

Medlemskontingent vert utrekna etter ein modell med 50% flatt og 50% etter innbyggjartal.

§ 6 Vedtektsendring

Endring av vedtekta må gjerast med 2/3 fleirtal av eit fulltalig styre og godkjennast i kommunestyra.

§ 7 Utmelding

Utmelding frå regionrådet kan finna stad pr. 01.01 kvart år og vil bli gjort gjeldande frå 01.01 påfølgjande år. Kommunar som melder seg ut må stå ved sine økonomiske forpliktingar som er utrekna etter kommunen sitt folketal. Frå tidspunktet for utmelding mister kommunen sin plass i regionstyret.

§ 8 Oppløysing

Vedtak om oppløysing av Regionrådet Vest vert gjort med 2/3 fleirtal av eit fulltalig styre og etter godkjenning av kommunestyra.



Til: Regionrådet Vest
Fylkesmannen i Hordaland

Frå: Rådmannen i Fjell og Øygarden

Dato: 18.02.2016

INTERKOMMUNAL SØKNAD OM SKJØNSMIDLAR 2016

VEST EKSTRA

- utvikling av modell for frivillig innsats retta mot helse- og omsorgssektoren

Bakgrunn

Fjell og Øygarden står framfor nye store felles utfordringar innan helse- og omsorgstenestene, grunna veksten i tal eldre og auka kompleksitet i oppgåveløysing. Dersom terskelen for å få offentlig hjelp ikkje skal hevast i åra som kjem, vert det anbefalt i St.m. 29, Morgondagens Omsorg, at kommunane må satsa intensivt på utvikling av nye helsefremmande tenester som kan førebyggja einsemd og passivitet. Målet er at eldre skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim og få naudsynt helsehjelp når det er behov for det.

Kommunane vil i dette prosjektet, i samskaping med brukarar, frivillig sektor og Nasjonalt Verdighetsenter, utvikla ein modell for nye frivillige tenester retta mot helse- og omsorgsfeltet, for å møta etterspurde behov, og på denne måten oppretthalda trivsel og eigenmestring i kvardagen.

Prosjekt Vest Ekstra - mandat og organisering

Prosjektet skal leggja til rette for at menneske, primært eldre med omsorgsbehov, skal få støtte og hjelp til å mobilisera eigne og andre sine resursar, til dømes familie, venner, naboar og frivillige. Modellen som vert utvikla for å få dette til, både i heimar og i institusjonar / bufelleskap, vil kunne nyttast i alle kommunane, og vil også ha overføringsverdi til oppbygging av anna frivillig innsats i kommunane.

Dette er eit nybrottsarbeid og Fjell kommune har allereie inngått ein samarbeidsavtale med Nasjonalt Verdighetsenter, for å få tilført kompetanse og ressursar til prosjektet.

Prosjektet sitt mål er at frivillig innsats skal få ein sentral plass i helse- og omsorgstilbodet både i heimetenestene og ved institusjonsdrift i alle tre kommunane. Korleis den enkelte kommune vil organisera tilbodet, må tilpassast lokale forhold, men så langt som råd vil løysingar vera forankra i heilskapleg og felles tenkning mellom kommunane, for å oppnå effektive og tenlege samarbeidsløysingar. Frå 2019 skal tenester levert av frivillige aktørar også vera integrerert som teneste i aksjonssenteret i det nye lokalmedisinske senteret.

I prosjektarbeidet vil ein saman utarbeide både namn og visjon for frivillig innsats knytt til helse- og omsorgsfeltet. Vidare vil ein avklara:

- Kommunen si rolle – kommunen sitt møte med dei frivillige, kommunen som tilretteleggjar, kommunal støtteordning, lovord og påskjøning etc
- Konkretisering av behov som kan møtast med frivillig innsats
- Introduksjon og opplæring knytt til ulike frivillige oppgåver
- Tilhøvet mellom tilsette og frivillige – ulike arbeidsoppgåver
- Koordinering – omtale av frivilligsentralen, koordinatoren, aksjonsenteret etc
- Rekruttering – individuelle frivillige, frivillige lag og organisasjonar, grendalag, menigheter, skular osv.
- Rettleiing og oppfølging
- Rutinar for konflikthandtering
- Ymse; teieplikt, forsikring, refusjon av utgifter etc
- Etablering av modell i dei ulike kommunane.

I prosjektperioden vil det og vera naudsynt å gjennomføra opplæring for ei ressursgruppe av tilsette. Nasjonalt Verdighetsenter har kurstilbod for frivilligkoordinator som vil nyttast for å byggja opp kompetansen og få ei ressursgruppe som skal delta i å driva prosessar fram på dei ulike arbeidsplassane. Ei større samling med felles workshop mellom frivillige og tilsette, vil også inngå som del i prosjektet.

Det er planlagt å prioritera to stillingar i prosjektet, som skal danna ei arbeidsgruppe på tvers av kommunane, saman med andre aktuelle fagpersonar og ressurs frå Nasjonalt Verdighetsenter. Styringsgruppa for prosjektet vert styringsgruppa for Lokalmedisinsk senter, der alle kommunane og tilsette er representert.

Prosjektperioden er planlagt frå 01.05. 2016 – 31.12.2017.

(Som følgje av at deler av søknadsåret er gått før søknaden vert handsama og prosjektet kan starta, er det behov for å søkja for heile prosjektperioden samla for å sikra gjennomføring av prosjektet og forsvarleg bruk av tildelte midlar).

Budsjett for prosjektet:

<i>Utgifter</i>	
Løn/sosiale utgifter prosjektmedarbeidarar/ arbeidsgrupper 1 år/8 mnd x 3 personar	Kr 2 300 000
Rekruttering	Kr 100 000
Administrasjonsutgifter (husleige, straum, kontorutg, reiseutg)	Kr 100 000
Opplæring	Kr 100 000
SUM	Kr 2 600 000
<i>Inntekter</i>	
Skjønnskott frå Fylkesmannen	Kr 1300 000
Eigendel til fordeling mellom kommunane	Kr 1300 000

Søknad om skjønsmidlar:

Det vert søkt 1,300 mill kr til dekning av utgifter til prosjektstillingar, rekruttering og opplæring i prosjektet VEST EKSTRA.

Med helsing

Omsorgssjef i Fjell kommune Line Barmen

Kommunalsjef Øygarden kommune Åse Vik



Til Regionrådet Vest v/Inger Litlere

Dykkar ref.

Vår ref.
16/775-2///ÅSV

Dato:
19.02.2016

Søknad om skjønnsmidlar til prosjektet Velferdsteknologi i Vest - eit interkommunalt samarbeid mellom Fjell og Øygarden

Bakgrunn

Fjell, Øygarden (og Sund) har sidan 2009 samarbeida om utvikling og etablering av nye interkommunale tenester innanfor ramma av føringar gitt i samhandlingsreforma. Arbeidet er gjort i tett samarbeid med Helse Bergen. Samarbeidet har så langt gitt avdeling for intermediær behandling, lindrande behandling, ØH- senger, JordmorHeim og friskliv- og meistringssenter. Friskliv- og meistringssenter er den siste satsinga, eit tilbod som linkar lokale frisklivstilbod med kompetansen i helseføretaket sitt Lærings- og meistringssenter og forskingsmiljø på universitet og høgskule.

Eit lokalmedisinsk senter på Straume er under arbeid, med planlagt ferdigstilling årsskriftet 2018/19. Dette senteret skal gi plass både til kommunale og interkommunale helsetenester, samt tenester drifta av Helse Bergen. Målet er å etablera eit heilskapleg helsetilbod til innbygarane i regionen.

Den største utfordringa for kommunane i vest er veksten i talet på eldre framover. Behovet for helse- og omsorgstenester er størst i denne gruppa og aukar med aukande alder. Parallelt med denne utviklinga vert det færre i yrkesaktiv alder. Det er difor stort behov for innovasjon og nyorientering innan helse- og omsorgssektoren, mellom anna velferdsteknologi som dette prosjektet mellom Fjell og Øygarden omhandlar.

Det er eit mål at alle skal få bu heime lengst mogleg. Då er det naudsynt at kommunane tek i bruk ny metodikk og nye verktøy for å leggja til rette for hjelp til sjølvhjelp og utsetja behovet for omfattande tenester som til dømes sjukeheimplass.

Fjell og Øygarden ser no på eigne modellar for å utvikla velferdsteknologi innan helse- og omsorgstenester. I lys av det omfattande interkommunale helsesamarbeidet er det ønskjeleg å etablera eit interkommunalt prosjekt mellom desse to kommunane for å etablera felles løysingar i dei heimebaserte tenestene, og leggja til rette for teknologiske løysingar i det lokalmedisinske senteret, herunder eit interkommunalt responscenter for heimebaserte tenester. Det er dette prosjektet (Velferdsteknologi i Vest) det her vert søkt skjønnsmidlar til.

Prosjekt Velferdsteknologi i Vest - mandat og organisering

Prosjektet skal leggja til rette for at menneske med omsorgsbehov betre kan meistra eige liv og helse, og bidra til at fleire kan kjenna seg trygge og bu lenger i eigen heim, jf nasjonalt program for utvikling av Omsorg 2020 og andre sentrale styringsdokument som gjeld på området. Prosjektet skal vidare

medverka til at teknologiske løysingar kan takast i bruk i samband med institusjonsdrifta i kommunane. Prosjektet vil vera i tett samarbeid med Lindås og Høgskulen i Bergen, då Øygarden og Fjell allereie er med i ei innovativ anskaffing av velferdsteknologi, som har prosessstøtte frå NHO sitt Leverandørutviklingsprogram. Prosjektet Velferdsteknologi i Vest, skal kartleggja, planleggja, testa ut og ta i bruk teknologiske velferdsløysingar basert på kommunane sine lokale føresetnadar.

Hovudmålet med prosjektet er at velferdsteknologi skal ha ein sentral plass i helse- og omsorgstilbodet både i heimetenestene og ved institusjonsdrift i alle tre kommunane. Velferdsteknologi skal vera integrerert i det lokalmedisinske senteret frå oppstart i 2019, og det skal skje ei gradvis opptrapping og vera integrert i heimebasterte tenester i tråd med sentrale styringsdokument på området. Alle løysingar skal så langt råd er vera forankra i heilskapleg og felles teknologi kommunane imellom for å oppnå effektive og tenlege samarbeidsløysingar.

Det er naudsynt å gjennomføra opplæring for tilsette i prosjektperioden. KS har eit kurstilbod innan velferdsteknologi som er interessant å nytta seg av. Det er eit mål å få i gang opplæring av 2 – 3 interkommunale grupper av ressurspersonar som skal delta i å driva prosessar fram på dei ulike arbeidsplassane. Det er vidare behov for ei felles startsamling med innleige av motivator og foredragshaldar.

Det er planlagt å prioritera tre stillingar i prosjektet, som skal danna ei arbeidsgruppe på tvers av kommunane saman med andre aktuelle fagpersonar. Prosjektstillingane må ha samansett kompetanse innan helsefag, personalforvaltning og IKT for å sikra tilfredsstillande løysingar innan tenesteproduksjon, teknologi og arbeidsmiljø. Styringsgruppe for prosjektet vert styringsgruppa for Lokalmedisinsk senter, der alle kommunane og tilsette er representerte.

Prosjektperioden er planlagt frå 01.05. 2016 – 31.12.2017.

(Som følgje av at deler av søknadsåret er gått før søknaden vert handsama og prosjektet kan iverksetjast, er det behov for å søkja for heile prosjektperioden samla for å sikra gjennomføring av prosjektet og forsvarleg bruk av tildelte midlar).

Budsjett for prosjektet:

<i>Utgifter</i>	
Løn/sosiale utgifter prosjektmedarbeidarar 1 år/8 mnd x 3 personar	Kr 3 000 000
Løn/sosiale utgifter arbeidsgrupper og styringsgruppe (1år/8 mnd x 3 årsv (samla))	Kr 3 000 000
Rektuttering, tilsetjing prosjektstillingar	Kr 100 000
Administrasjonsutgifter (husleige, straum, kontorutg, reiseutg)	Kr 200 000
Opplæring	Kr 500 000
SUM	Kr 6 800 000
<i>Inntekter</i>	
Skjønnskott frå Fylkesmannen	Kr 3 500 000
Eigendel til fordeling mellom kommunane	Kr 3 300 000

Søknad om skjønnsmidlar:

Det vert søkt 3,5 mill kr til dekning av utgifter til prosjektstillingar og opplæring i prosjektet Velferdsteknologi i Vest.

Med helsing
Kommunalsjef i Øygarden Åse Vik
Omsorgssjef i Fjell Line Barmen

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Namn på prosjekt:	Klimautgreiing i Region Vest
Søkjar (kommune):	Fjell kommune
Andre kommunar som deltek:	Sund og Øygarden
Søknadsbeløp:	Kr. 600.000,-
Tilskot vert utbetalt til:	Fjell
Prosjektet si varigheit:	1 år (juli 2016 – juli 2017)
Organisering:	Prosjektet vert styrt frå Fjell med fagpersonar frå dei to andre kommunane som prosjektmedarbeidarar. Andre fagpersonar i dei tre kommunane vert referansegruppe.
Prosjektleiari:	Hanna Gjesdal
E-postadresse:	Hanna.Gjesdal@fjell.kommune.no
Forankring ift. vedtaksorgan og formannskap i dei tre kommunane:	Behandla og prioritert i styremøte i Regionrådet Vest 15. februar og 29. februar 2016

Målsetting og skildring

Målsetting

Målretta tilpassing til klimaendringane krev lokal kunnskap om kva effekt endringane får lokalt. Norsk klimaservicesenter har laga rapporten Klima i Norge 2100, og heldt nå på å laga fylkesprofiler. Det er venta at fylkesprofil for Hordaland vert ferdig våren 2016. Sjølv med dei best tilgjengelege data frå Klima i Norge 2100, er det svært mange detaljar som blir borte, særleg i eit fylket som Hordaland med kompleks og variert topografi. Klimaendringane vil få ulik effekt på dei ulike kommunen, slik at vi også må ha lokal kunnskap for moglege effektar og naudsynte tiltak.

Region Vest ser behov for kunnskap om effekten av klimaendringane i vårt kystklima. Vi ser allereie nokre effektar av m.a. sterk vind og stormflo (materielle skadar og stenging av bruer), ekstremnedbør og utfordringar med overvatn.

Målsetting for prosjektet er auka kunnskap / utgreiing knytt til:

- **Klimaendringar, effekt og tilpassing i kystkommunar**
- **Energibruk, klimagassutslepp og reduksjonstiltak**

Mye av arbeidet med klimatilpassing må gjerast på planleggingsnivået, så utvikling av gode verktøy i reguleringsarbeidet, i tillegg til konkrete tiltak for å redusera klimagassutsleppa, vil vera eit langsiktig mål for prosjektet.

Prosjektskildring:

I Fjell kommune er det politisk vedteke at arbeidet med kommunedelplan for Energi, miljø og klima vert starta opp i 2016. Det omsøkte prosjektet vil vera ein første fase i planarbeidet (kompetansehevingsfase). Det er føremålstenleg at alle dei tre kommunane i Region Vest er inkludert i denne fasen. Dersom kommunesamanslåing vert ein realitet, vil det vera naturleg å utarbeida ein felles kommunedelplan for Energi, miljø og klima. Alternativt vil den einskilde kommune kunna nytte kunnskapsgrunnlaget i eigne planar.

Tema

Fordi omfanget av eit framtidig planarbeid er noko usikkert, vert denne søknaden/prosjektet avgrensa til første fase av planarbeidet; å henta inn kunnskap. Det er særleg to område der vi treng å henta inn kunnskap om status og utfordringar for regionen og drøfta korleis vi best kan møte utfordringane. For å henta inn naudsynt kunnskap er det føremålstenleg å nytt ulike kompetansemiljø. Søknaden er derfor i hovudsak knytt til ressursar for å gjennomføra to utgreiingar.

A) **Klimaendringar, effekt og tilpassing i kystkommunar.** Ein del av prosjektet vil vera knytt til kunnskap om klimaendringar og effekt for vår kystregionen. Kva klimaendringar har vi allereie observert i regionen vår? Kva klimaendringar kan vi forventa i framtida? Kva effektar kan vi venta oss, og korleis kan vi tilpasse oss?

Vi vil her ta utgangspunkt i data og rapportar knytt til Klima i Norge 2100, Klimaprofil for Hordaland, Arealklima-prosjektet og evt. andre prosjekt, for så å sjå nærare på kva klimaendringane betyr for regionen og aktivitetane her, t.d. næringsverksemd, landbruk, bustadbygging etc. Vi ser allereie i dag at været gir utfordringar knytt til overvatn, stormflo og sterk vind. Regionen opplev stor utbygging, noko som i seg sjølv kan gi utfordringar knytt til overvatn og rett plassering av hus i terreng for å unngå materielle skadar ved ekstremver o.l. I landbruket har ein utfordringar knytt til drenering og fôrproduksjon i eit våtare klima med lengre vekstsesong.

Utgreiinga skal inkludera framlegg til konkrete tiltak for å møte klimaendringane og redusera / førebyggja negative effektar av endringane. Det er viktig med førebyggjande tiltak som vert nytta aktivt allereie i arealplanlegginga (område- og detaljregulering), i tillegg til avbøtande tiltak der det er naudsynt.

B) **Energibruk, klimagassutslepp og reduksjonstiltak.** Gjeldane Energi-, miljø- og klimaplan i Fjell inneheldt tal knytt til energibruk og klimagassutslepp, og mål for reduksjon av utsleppa. Dette er tal frå SSB som ikkje lengre er tilgjengeleg, slik at det i dag er vanskeleg å vurdere måloppnåing og få oversikt over klimautslepp i dag. Vi treng å vita meir om kva energikjelder (fossilt og fornybart), som vert nytta i ulike sektorar (næringsverksemd, landbruk, transport, oppvarming, kommunal drift etc.). Vidare treng vi å få gjennomført berekningar som viser klimagassutsleppa i dei tre kommunane kvar for seg. Det vil vera føremålstenleg å knyta tala til ulike utsleppskjelder for klimagassar, t.d. prosessutslepp, transportutslepp (person-, gods- og varetransport), stasjonære utslipp (bygningar) og landbruk. Også drifta i kommunane som utslippskjelde bør vera inkludert i utgreiinga (artikkel i Aftenposten, juli 2015, om klimafotavtrykk).

Med utgangspunkt i nasjonale og internasjonale mål skal utgreiinga skissera realistiske mål for klimagassutsleppa i kommunane og i regionen samla. Utgreiinga skal også leggja fram moglege tiltak for å redusera klimagassutsleppa, slik at regionen kan møte desse måla. Potensialet som ligg i utvikling og auka bruk av fornybar energi er sentralt.

Gjennomføring

Tidleg i prosjektet vil ein utarbeida anbodsinnbyding for å få gjennomført dei to utgreiingane. Det vil vera viktig at utgreiingane ikkje berre gir eit statusbilete, men også tilråding for framtida; kva kan vi gjera for å vera føre-var i klimatilpassing og bli eit lågutsleppssamfunn?

Dei tre kommunane vil samarbeida tett i utarbeidinga av anbodsinnbydinga. Det er eit mål at denne vil bli utarbeida vår/sommar 2016. Anbodsinnbydinga vil truleg bli sendt til eit utval av relevante tilbydarar. Vurdering og val av tilbydar(ar) vil bli gjennomført hausten 2016. Utgreiing med rapport skal føreligge før sommar 2017.

Rapportar og tilråding vil danna eit solid utgangspunkt for utarbeiding av kommunedelplan for energi, miljø og klima, enten det blir ein felles for kommunane eller ei for kvar kommune. Vedtak om eventuelt å starta opp forhandlingar kring kommunesamanslåing skal føreligga ved utgangen juni 2016. Prosjektet er lagt opp slik at det kan gjennomførast uavhengig av denne avgjerdsla.

Organisering

Fjell kommune vil etablere eit tverrfagleg prosjektteam m/samfunnsplanleggar og avd.leiar for Miljø, geodata og oppmåling (MGO), i tillegg til prosjektmedarbeidarar i Sund og Øygarden. Fjell vil også nytt sin eigen miljøgruppa hos Plan- og utbyggingssjefen som referansegruppe for prosjektet. Dei to andre kommunane vil organisera referansegruppa slik dei finn det føremålstenleg. Prosjektet vil også støtta oss på anna ekstern kompetanse etter behov, t.d. Hordaland fylkeskommunen og fylkesmannen i Hordaland.

Budsjett og finansiering

Aktivitet	Budsjett	Finansiering	
		Skjønnsmidlar	Kommunane
Litteratur - fagbøkar, rapportar etc	5.000,-		5.000,-
Utgreiing A) Klimaendringar, effekt og tilpassing i kystkommunar	300.000,-	300.000,-	
Utgreiing B) Energibruk, klimagassutslepp og reduksjonstiltak	300.000,-	300.000,-	
Stillingsressurs til prosjektet: Prosjekteiar Fjell 30% stillingsressurs Prosjektmedarbeidar Sund 10% stillingsressurs Prosjektmedarbeidar Øygarden 10 % stillingsressurs	500.000,-		Fjell: 200.000,- Sund: 50.000,- Øygarden: 50.000,-
Totalt	905.000,-	600.000	305.000,-

Kort statusrapport om prosjektet har fått skjønnsmidlar tidlegare:

Prosjektet har ikkje fått skjønnsmidlar tidlegare.

Vedlegg

Budsjett og finansiering